



KYSTVERKET

Hustadvika kommune
Tingplassen 1
6440 Elnesvågen

Dykkar ref
2020/7285-25

Vår ref
2021/3302-6

Arkiv nr

Sakshandsamar
Tormod Hjørungnes Engen

Dato
25.03.2024


Fråsegn ved offentlig ettersyn av reguleringsplan for Harøysund havn, Vikomar AS - Hustadvika kommune - Møre og Romsdal fylke

Syner til dykkar høyringsbrev datert 16.02.2024 som gjeld ovannemnde og til vår fråsegn av 06.04.2021 i høve oppstart av planarbeidet.

Føremålet med planen er å legge til rette for utviding og utvikling av Vikomar AS sin etablerte fiskeforedlingsbedrift. Arealbruksføremål i planen omfattar i hovudsak hamneområde i sjø, kai, veg og industriareal.

Kystverket er ein nasjonal etat knytt til Nærings- og Fiskeridepartementet med fagleg ansvar for kystforvaltning, ferdsla på sjøen og beredskap mot akutt forureining. Kystverket skal gjennom handsaming av planar og tiltak ta vare på føremålet med «lov om havner og farvann.» Føremålet med lova er å fremje sjøtransport som transportform og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvenleg bruk av hamn og farvatn samstundes med omsyn til eit konkurransedyktig næringsliv og nasjonale forsvars- og beredskapsinteresser.

Vår vurdering




Reguleringsplanen er i prinsippet samkøyring av to eksisterande planar på arealet og samsvaring av planføremåla til gjeldande forhold. Planen legg opp til noko forlenging av eksisterande kai. Kystverket sine merknadar ved oppstart av planarbeidet er teke til følgje og planen med føresegner slik den er lagt fram synest føremålstenleg og vil ikkje få innverknad på statleg farvatn (farlei), Kystverket sine anlegg og installasjonar eller andre omsyn Kystverket skal vareta i medhald av hamne- og farvasslova. Ut frå Kystverket sitt sektoransvar har vi såleis ikkje vesentleg å merke til planframlegget.

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766



Med helsing

Ruben Alseth
avdelingsleiar

Tormod Hjørungnes Engen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fiskeridirektoratet
Statsforvalteren i Møre og Romsdal

Postboks 2500
Postboks 185 Sentrum
Postboks 2520

6404 MOLDE
5804 BERGEN
6404 MOLDE